


Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 5 — juni 1974
7. årg.



Tunes bedehus.

Søndag 26. mai vart Tunes bedehus vigsla. Med det er ein gamal draum for indremisjonsfolket på Tunes gått i oppfyljing. Tanken om å reise bedehus var framme alt i 1933. Men først hausten 1961 kom arbeidet i gang. Stor offervilje og betydeleg arbeidsinnsats ligg attom huset slik det står i dag. Vi trur Tunes Indremisjon har fått ein tenleg arbeidsreidskap i dette, og ynskjer det må bli til signing for bygda. Inne i bladet gjev vi att prologen som vart skriven til vigsla.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktør: Ingvar Fykse, Ytre Arna

Redaksjonsnemnd: Helge Hitland, Knut Brakestad

Harald Haugsvær, Gunlaug Bøyum

Forretningsfører: Monrad Ulveseter, Indre Arna

Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

ARNA PRESTEGJELD

Sokneprestkontoret, Indre Arna:

Kontortid tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00—11.30.

Torsdag kl. 17.30—19.00. Telefon 24 04 00.

Res. kap. kontoret, Ytre Arna:

Kontortid torsdag kl. 17.30—19.00. Fredag kl. 10.00

11.30, tlf. 24 13 25.

Adresser og telefonar:

Fung. sokneprest Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Fung. res. kap. Helge Hitland, Høgatun 16, Indre Arna, tlf 24 09 65.

Kst. klokkar Severin Johs. Hamnøy,
Stølsveien 94E, Indre Arna, tlf. 240342.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna,
tlf. 24 16 06.

Kyrkjetenar Monrad Ulvesæther, tlf. 24 07 39, tirsdag
og torsdag 17.00—18.00, onsdag og fredag 10.00—11.00.
Gravar Emil Dalsset, Indre Arna, tlf. 24 05 69.

Organist Anker Rønhovde, Ytre Arna, tlf. 24 11 39.
Kyrkjetenar Eirik Arne, Ytre Arna, tlf. 24 12 30.

Soknerådsformann i Arna: Ingmar Ljones, Stølsveien 1
111A, Indre Arna. Tlf. 241594.

Soknerådsformann i Ytre Arna: Knut Brakestad, Johan
Rongvedsvei 16, Ytre Arna. Tlf. 241135.

Klokkar Ytre Arna: Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna.
Tlf. 241310.

SLAPP AV OG TRU PÅ GUD

— Sidan sa han: Med Guds rike er det so som når ein mann hev sått kornet i jorda; Han søv og ris opp, natt etter natt og dag etter dag, og frøet renn opp og veks — han veit ikkje korleis det går til. Av seg sjølv ber jorda si grøda, først strå, so aks, so fulle korn i kvart aks —. Mk. 4, 26-28.

Av og til treng alle arbeidarar i guds rike eit trøstens ord. Kvenn kjenner ikkje på veikskap og dugløyse, kanskje er vi også trøytte og mismodige iblant. Vi får så lite gjort, tykkjer vi. Og om vi strevar så mykje vi orkar, ser vi så lite resultat. Nyttar det?

Oppgåvene er så store, og vi er så få. Eg skulle ynskje at mi tid og mine evner hadde rukke mykje lenger. Av og til kan vi faktisk strekkje oss til vi forstrekkjer oss.

Pessimistiske røyster høyrer vi og frå tid til anna. Vi er inne i ei sterk avkristning, folk er på veg — fleire og fleire og med aksellererande fart - bort frå kyrkje og kristendom. Kyrkja har ikkje nytta tida og er kome for seint til å snu straumen. Vi manglar folk og pengar og mykje meir.

Guds rike ser ut til å vekse den gale vegen, det skrumpar inn. Held treet på å minke og gå i jorda att?

Jesu ord slær ein kraftig strek over slike tankar. Guds rike er i vokster, og vil vere det fram til den store hausten.

Voksteren er eit under, eit Guds verk og eit Guds under. Det kan samanliknast med kornet som vert sådd. Bonden sår sæden ut, men spirekrafta har sæden i seg sjølv. Bonden søv og står opp, og det spirer, gror og veks. Til slutt er det fullmoga frukt. Han sår og så får det stå til.

Sæden er Guds ord. Verknadane går føre seg i det opne, men også i det skjulte, kanskje ikkje minst der. Om det er uråd å observere og kontrollere, fullfører Gud likevel sikkert og målmedvite den sak han har sett i verk. Guds rike kjem på tross av alt som tyder på det motsette.

Orda av Jesus som vi siterte, er konsentrerte om det mennesket ikkje mak-
tar. Og det er dei mest fundamentale ting: Vi kan ikkje lage såkorn med
spirekraft i seg, vi kan ikkje skape vekst. Alt det viktigaste, det som det
spørs om, er Guds verk og Guds under.

Vår oppgåve er å så. Så vente i tru med tolmod. Av seg sjølv ber jorda si
grøda.

Held vi fast ved dette, fell det ro og fred over arbeidet vårt. Vi kan avblåse
alt oppskrudd aktivitetsjag. Fall til ro og stol på Gud! Sæden veks, Riket
kjem!

Det er godt det ikkje avheng av oss, få og veike som vi er. Vi kan vere ro-
lege og frimodige kvar i vår gjerning. Du treng ikkje ta på deg ei oppgåve
som likevel ikkje er di.

Det er ikkje farleg å vere i ei teneste som vi veit til sist skal bere si frukt,
med oss og samstundes uavhengig av oss. Det er frigjerande, det tek ei
tyngsle av skuldrane våre. Difor treng vi aldri lammasst av pessimis ne og
press under manglande ressursar eller tilsynelatande magert resultat.
Fatt mot og frimot. Gud fører si sak fram til siger, alle mørke utsikter og
dystre spådomar til tross.

— La høres kun det rop som går, at Riket er lagt øde. Gud kroner like fullt
sitt år med fruktbarhet og grøde —.

INGVAR FYKSE

«Tenåringsleir for eldre»

I august/september inviterer vi igjen til «tenåringsleir» for eldre på
Ungdomsheimen på Kvamskogen. Det blir også i år 3 leirer:

Leir nr. 1: 26.—30. august.

Leir nr. 2: 16.—20. september.

Leir nr. 3: 23.—27. september.

Alle leirene starter med middag om mandagen, og avslutter med
frokost om fredagen.

Leiren koster kr. 55,— pr. døgn. (kr. 220,— i alt).

Påmelding og nærmere opplysninger:

Bjørgvin Krets av Norges Kristelige Ungdomsforbund

Kong Oscarsgt. 14 — 5000 Bergen.

Telefon: 214901 — 212771.

Laila M. Eriksen

FRÅ YTRE ARNA TIL GIMSØY



Tordis og Anker Rønhovde saman med dei tre borna sine:
Øystein, Arne og Vigdis.

Omkring St. Hans tek Anker Røn-
hovde over si nye stilling som orga-
nist ved Gimsøy kyrkje i Skien.

Rønhovde har vore fast tilsett or-
ganist i Ytre Arna i omlag 5 år. Orga-
niststillinga er ei deltidsstilling,
medan den nye han tek over, er på
heltid.

Vi forstår godt at Rønhovde med
sin musikalske givnad og kjærleik
til kyrkja og gudstenesta gjerne
ynskte å kome over på fulltidsstil-
ling, slik at han kunne vie heile si
tid til denne gjerningen. Og vi gled
oss saman med dei at det med den
nye stillinga har lagt seg så vel til
rette for dei.

Men for kyrkjelyden i Ytre Arna
er det eit tap at dei no reiser frå oss.
Forutan den verdfulle innsatsen
Rønhovde har gjort som organist i
kyrkja, har han også saman med
kona si teke heilhuga del i det kristne
arbeidet elles, både i kyrkje og bedeh-
hus.

Rønhovde har også sidan 1970 vo-
re medlem av soknerådet.

— Det var aldri nei i hans munn —.

Det er ein attest som einskilde av
og til får. På Rønhovde passar denne
attesten betre enn på dei fleste. Når
vi bad han om ei teneste, anten det
var i kyrkja eller i det frivillige kris-
tne arbeidet, var det aldri nei i hans
munn. Han kom så sant han kunne.
Og han kom ikkje av tung plikt, men
av glede.

Ikkje berre vi i Ytre Arna fekk nytte
godt av hans tenestevilje. Jamnt
var han i Bergen og andre stader
i distriktet og tok del med musikk
og gav sitt personlege vitnesbyrd.

Kyrkjelyden i Ytre Arna vil gjerne
også gjennom dette bladet takke
Rønhovde og kona for trufast og heil-
huga innsats og ynskje dei Guds sig-
ning på den nye staden og den gjer-
ning som ventar dei der.

Ingvar Fykse

Sommarleir — eit alle tiders ferietilbod!

Leir — kvifor har dette ordet fått ein spesiell klang for mange?

Når ein tenkjer på leir, då kjem minnet om nokre trivelege dagar saman med livsglade ungdomar. Vi storkosar oss og synest tida går altfor fort.

Jesus er sentrum på ein slik leir. For mange blir leiren eit møte med Jesus for fyrste gong. For andre blir det fornying, inspirasjon og glød til å leve livet som ein kristen. Forkynninga får ein brei plass. Gjennom bibeltimar, gruppemøter, og personleg bibelstudium får vi kjennskap til sigerherren — Jesus Kristus.

Fritid er det også rikeleg av. Då får vi boltre oss så mykje vi vil. Volleyball, fotball og turgåing er stikkorda. For ikkje å gløyme svømminga. Men det er også høve til å slappe av. Mange samlar seg dessutan i flokkar og begynner å synge og spele gitar. På leir får ein oppleve felles-

skapet og får mange nye venner.

Du som kunne tenke deg å få oppleve litt av dette. I år har du sjansen. På Framnes i Hardanger skal det vere leir. Det er Norges kristelege skoleungdomslag som arrangerar. I fjor var vi ein heil flokk frå Arna på denne leiren. Vi hadde nokre fantastiske dagar.

Av emna som skal takast opp vil vi nemna:

Hvordan kan jeg vite om jeg er en kristen?

Åndens fylde og nådegaver.

Hvordan være kristen på skolen?

Okkultisme i Bibelens lys.

Kjærlighet og kjærtegn.

Leiren kostar kr. 130. + kr. 20 i innmeldingspengar. Kanskje du synest dette er mykje? Men det du får igjen er verd mykje meir. Du kan få vite meir om denne og andre leirar ved å kontakte skolelaga på ungdomsskolen eller gymnaset.

Laget

Til menighetens kvinner

Vi gjør allerede nå oppmerksom på at vi begynner et nytt menighetskurs for frivillige, kvinnelige menighetsarbeidere

tirsdag 17. september kl. 18.45

i Domkirkens menighetshus, Kalfarvei 10.

Nærmere kunngjøring om kurset kommer etter sommerferien, men innmelding kan sendes nå til Jussi Pihl, Nøstegaten 42.

VELKOMMEN.

For Bjørgvin bispedømmeråds komite for kurs
for friv. kvin. menighetsarbeidere.

Jussi Pihl,
f.t. formann.

FERIEN 1974

I tida frå og med mandag 24. juni til og med 19. august blir kontortida ved prestekontora i Arna slik:

Sokneprestkontoret, Indre Arna: tysdag 1000—1130
fredag 1730—1900

Res. kap. kontoret, Ytre Arna: torsdag 1730—1900

Utanom kontortida kan vedkomande prest treffast etter avtale.

Fung. sokneprest Fykse, tlf. 241325

Fung. res. kap. Hitland, tlf. 240965

Fung. sokneprest har ferie i tida 24. juni—21. juli.

Fung. res. kap. Hitland har ferie i tida 22. juli—18. august.

For dei andre tilsette i kyrkjelyden, vert ferien avvikla slik:

Kst. klokkar Severin Johs. Hamnøy 22. juli—17. august.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter: 20. juli—16. august. Vikar Ingmar Ljones, tlf. 241594. I tida Ulveseter har ferie, fell kyrkjetenaren si telefonvaktteneste bort.

Gravar Dalseth: 18. juni—16. juli. Vikar er Vallestad.

Vi ynskjer dykk alle ein riktig god sommar.

Redaksjonsnemnda

Det Norske Misjonsselskap

Det Norske Misjonsselskap skipar sitt årlege sommarmøte på Kongs-
haug Folkehøgskule på Lepsøy i Os i tida 25.—28. juli. Programmet
kjem å veksla mellom bibeltimar, misjonstimar, møte og gudstjeneste.
Vi treng å koma saman om Guds ord, — få verta stille slik at Han
får tala til oss. Måtte dette møtet få gjera oss oppglødd for Guds rikes
sak på jorda, — gjera oss viljuge å spreia evangeliet utover her heime
og der ute. Vi ynskjer deg velkomen. Nærare opplysningar og program:
N.M.S. krinskontor, Ø. Korskirkealm. 9, 5000 Bergen. Telefon: 310162.

Familieside



ARNA SOKN:

DØYPTE:

- 21/4 Kenneth, for.: Odd Kippersund—Inger, f. Andersen.
21/4 Olav-Endre, for.: Magnar Emil Olsen—Mona Johanne, f. Ramsøy (Tveit)
28/4 Morgan Osvald, for.: Malvin Osvald Klementsens—Snefrid Rutt, f. Sætre
28/4 Frank, for.: Oddvar Eide—Asta, f. Foss
28/4 Øivind, for.: Kåre Johan Faugstad—Judith Lilly, f. Eide (Fjell)
4/5 Liv Svanhild, for.: Erling Osland—Inger Marie, f. Malnes
4/5 Laila, for.: Inge Gravdal—Lisbeth, f. Gjertsen
4/5 Christer, for.: Einar Haugland Jensen—Britt Helen, f. Olsen
4/5 Daniel, for.: Odd Vidar Søgnesand—Ingelin, f. Daltveit
4/5 Svein-Arne, for.: Terje Kåre Hagenes—Bodil Sollaug, f. Nesset
4/5 Odd Idar, for.: Olav Træbakken—Bergitta Signe, f. Storsæter
4/5 Erik, for.: Lars Aakre—Evelyn, f. Haldorsen
11/5 Ine, for.: John Akselberg—Wenche, f. Mathiassen
11/5 Cecilie, for.: Ivar Dagestad—Oddrun Ragnhild, f. Egge
11/5 Thomas, for.: Robert Harry Natland—Gudrid Olaus, f. Dalseth
11/5 Nils Oscar, for.: Nils Arnesen—Irene, f. Edvardsen
11/5 Terje, for.: Ragnvald Peder Garnes—Olga Karin, f. Berge
11/5 Øyvind, for.: Einar Tvedt—Målfrid, f. Fanavoll
11/5 Bjørn Georg, for.: Karl Leif Halland—Wivie Margrethe, f. Langenes
26/5 Fredrik, for.: Jan Marius Olsen—Björg Elisabeth, f. Engelsen
26/5 Vegard, for.: Johannes Arnolv Markhus—Ragna, f. Rullestad
1/6: Tor Arne, for.: Arne Malvin Thunestvedt—Aud, f. Kversøy
1/6 Hans Inge, for.: Hans Agnar Thorsvik—Venke Karin, f. Eriksen
1/6 Lin Cathrin, for.: Jostein Anthun—Kari, f. Brunborg
1/6 Ann Kristin, for.: Ivar Helge Berge—Marta, f. Gløppen
1/6 Øystein, for.: Ole Jahn Flagtvedt Waagbø—Birgit, f. Pedersen
2/6 Øyvind, for.: Erling Ivar Ludvik Hauge—Sylvia Kristine, f. Henriksen
2/6 Hans Frode, for.: Helge Hitland—Brit Torun, f. Fjæra

Familieside



VIGDE:

- 4/5 Rune Edmund Nilsson og Randi Mæland
4/5 Nils Reidar Rippe og Sylvi Morken
4/5 Helge Olsnes og Marit Rosvold
11/5 Jan Kåre Helgesen og Grete Mjelde
24/5 Johan Asbjørn Longvastøl og Anne Karin Djonne
1/6 Lars Kåre Håhjem og Astrid Margrete Seilen
1/6 Svein Magne Unneland og Evelyn Johanne Kidøy

AVLIDNE:

- 19/4 Leif Aksel Hamre, f. 1917
19/4 Styrk-Harald Vestre, f. 1958
29/4 Olufine Thunes, f. 1893
29/4 Bjørg Miljeteig, f. 1974
14/5 Albert Henriksen, f. 1899
23/5 Dagfinn Dahl, f. 1926
25/5 Gudrun Bertine Ytrearne, f. 1887

YTRE ARNA SOKN

DØYPTE:

- 28/4 Espen, for.: Bjørn Alver—Marit, f. Nordgaard
28/4 Laila, for.: Lars Thunes—Reidun, f. Langeland
4/5 Tom Erik, for.: Kåre Romarheim—Inga, f. Borge (Arna)
11/5 Randi, for.: Johan Litangen—Magnhild, f. Farestveit (Arna)
19/5 Håvard, for.: Øystein Flatebø—Sissel Marie, f. Eide
19/5 Kenneth, for.: Arne Olav Hovd—Eva Lillian, f. Otterstad
19/5 Øyvind, for.: Leiv Kalsås—Petra Kristine, f. Maurseth
19/5 Nina, for.: Helge Ingmar Villanger—Elisabeth, f. Solvang

VIGDE:

- 20/4 Egil Hansen og Evy Simonsen (Landås kirke)

AVLIDNE:

- 18/4 Nils Wik, f. 1926
22/4 Borghild Småland, f. 1905
7/5 Johan Blomdal, f. 1912
15/5 Bertha Helland, f. 1890
16/5 Martha Kronen, f. 1905
28/5 Kjellaug Ahlsen, f. 1928

BISKOP ALEX JOHNSON:

HØRER DU DÅRLIG?

Det er mange tunghørte iblant oss. Og det fortvilede er at så mange av dem tror det ikke er noe å gjøre ved.

Her på Hamar har jeg ved forskjellige anledninger møtt Randi Strande, gift med general Paul Strande på Aker gård. Jeg ante ikke at hun var så å si døv. Hun deltok i samtalen uten at man merket noe. Men så en dag fortalte hun det selv. Jeg ba henne skrive ned litt som kunne gi andre mot og lyst til å søke hjelp.

Slik forklarer hun:

«Mange mennesker hører lite, og mange hører ikke — tror de. Men så å si alle kan bli hjulpet i dag. — Ikke jeg! tenker du. Joda, så lenge det er en liten gnist av liv i hørselsnerven, kan man det. Jeg vet det, for jeg er selv blitt hjulpet i ti år. Uten høreapparat er jeg så å si helt døv. Jeg hører bare meget høye, skarpe lyder, en vanlig samtale kan jeg ikke følge. Men med mitt lille apparat, som sitter bak øret, kan jeg høre alt som blir sagt.

Det tar litt tid å venne seg til å bruke apparatet fordi man plutselig hører en mengde lyder, ja, alt som friske ører kan oppfatte — og det er uvant. Imidlertid kan en som har følt seg litt utenfor, nå også være med. Til å begynne med kan man jo bruke det bare inne og så forsøke seg fram. Vi har så mange frem-

ragende spesialister og fine måleapparater i dag at ingen behøver føle seg utenfor lenger.

Ja, så anskaffer man seg et, og blir skuffet. Hvorfor? Fordi det piper. Det har ikke noe med apparatet å gjøre, det er øreproppen. Den må slutte tett til øret, det minste åpne rom, og så piper det. Proppen var tidligere laget av plast. Det er et relativt stivt materiale, som ikke føyer seg etter øret. Spiser eller snakker man, går kjevne opp og ned, proppen følger ikke med, og så piper det. — Nå er det uteksperimentert en ny, av et gummistoff, den slutter helt tett, føyer seg etter øret og er behagelig.

Så plutselig hører man ikke. Hva nå? Jo, en liten vannråpe har satt seg i den lille plastrøret, du tar røret av og blåser dråpen ut. Denne nye proppen blir laget av et Oslo-firma, som er spesialist på høreapparater. De har også sin representant på Hamar. På trygdekontoret ligger det brosjyrer om «Søknad til høreapparater». Der finner man bl. a. hvor meget man kan få tilbakebetalt. Enkelte får hele beløpet tilbake, og alle får i hvert fall kr. 500 refundert. Man kan få stønad hvert femte år til nytt apparat.

Så håper jeg denne lille orienteringen kan bli til glede for noen, og et puff til dere som tror at intet hjelper

Prolog til vigslinga av Tunes Bedehus

26. mai 1974 skriven av
Klara Ulveseter.

*Endeleg er dagen komen
som vi sårt har lengta til.
Huset signast skal frå «oven»,
vigslast under pinseeld.*

*Himmel-himlar ei kan romme
deg Gud Fader, Son og Ånd.
Likevel vi bed deg komme,
bu her med din fred, di Ånd!*

*Tanken om eit Herrens tempel
fata først i unge sinn.
Gneisten fengde, fekk det stempel
som over alle vanskar vinn.*

*Gamle, unge, dei gjekk saman,
nokre sauma, andre vov,
kokte kaffi, bad inn framand,
selde lodd, gravde jord.*

*Brødre to dei gav oss grunnen.
Vent her er med fjell og fjord.
Beste staden her er funnen,
syskenheimen her på jord.*

*Ofra gjorde alle saman
tid og tanke, sveitte, slit,
alderstrygda, sparepengar,
fram så gjekk det bit for bit.*

*Dei som ei makta å meisla,
mura, måla og smi,
gjorde si namnlause gjerning
på hardtrakka bønesti.*

*Og no når huset står vigsla,
gløymde er tårer og sut.
Ei tirande frygd fyller bringa,
æra tilhøyrer vår Gud.*

*Herre bu her, Herre bu her!
I sameint bøn vi bed.
«Bønehus», slik lydde ordet,
verket skal fremjast på kne.*

*Drag du Herre med din Ande,
folket inn til deg.
Kall dei unge, hjelp dei gamle,
leid oss på din veg.*

*Lat her vera ein arnestad
for folket her på strandu.
Sett ditt stempel, fyll ditt tempel
med bøn som syng lovsangskvad.*

KVELDSANDAKTAR I ARNA KYRKJE

Sommerferien er ei tid med lite aktivitet på møtefronten. Da blir vi ofte overlatt til oss selv. Men vi trenger det kristne fellesskapet også da.

Denne sommeren vil vi innby til regelmessige kveldsandakter i kirken. På disse samlingene vil vi lytte til Guds ord, syng og be sammen.

Andaktene blir om onsdagene og begynner kl. 20.00.

Men kirken vil være åpen fra kl. 19.00. Denne timen fram til andakten begynner, kan vi bruke til bibelstudium, bønn og meditasjon. Ta derfor din bibel med og slutt opp om disse kveldsandaktene.

Vi begynner første gang onsdag 26. juni kl. 20.00 og så hver onsdag framover til og med den 14. august.

Vel møtt!

Prestene

Kyrkjelydsbladet i Arna sokn Hilsen fra Kamerun

Det er konferanse med arbeid og fest. For første gang har vi flybårne misjonærer fra Bankim, — Wycliffe-flyet hentet en pulje forrige mandag og bar dem hit til Ngaoundere på 1 1/2 time. På tilbaketuren tok flyet med seg Unsvågs til Yaounde, og de reiste videre hit med tog. Mye forandres — men gleden over å være sammen er stor, kanskje enda større enn før.

Misjonssekretær Torbjørnsen kom på fredag og er med oss disse dagene før forhandlingene med kirken om en ny samarbeidsavtale begynner 2. mai. Besøket hans har vært til stor velsignelse, — den norske nattverdsgudstjenesten på søndag ble en høytidsstund av de sjeldne.

Han har gitt oss mye i foredrag og orientering, — og som en av flokken i personlig samvær. Bjørn Bue kom med samme flyet. Han har vært en tur lengst sør på dette kontinentet og kunne fortelle om stor interesse og behov for Nytt Liv For Alle-programmet der også.

Vi har hatt uvanlig rike bibeltimer i år der vi har fått løfte øynene våre og se Jesus som Frelser i nytt lys. Vi har frydet oss over bønnens privilegium med barnerett og barnekår, — vi har hørt oss glade over at det er Gud som virker i oss både å ville og å virke til hans velbehag, — og vi har sett inn i rettferdigheten ved Kristus alene. Vi har merket Guds ånd blant oss i åpne bønnesamvær og glade vitnesbyrd. Det var særlig oppmuntrende å høre fra N.L.F.A.-kurset og turneene i Ban-

kim der mange fikk kaste tryllemidler og møte Jesus for første gang.

Kutin er blitt lagt inn over oss på nytt. Souspréfeten i Tignére lager større vansker enn noen gang. Også i Yoko er kampen hard, trolldom og hedenskap har ennå stor makt. Et stilltiende rop fra «Ingenmannsland» øst for Tibati og Yoko klinger i ørene våre: kom over og hjelp oss. Så vidt vi vet, har ingen forkynt evangeliet der siden Otterøy vandret over slettene i slutten av 30 åra. Vi er ikke klar over hva som kan gjøres nå, bare at bønneveien er åpen, la oss bruke den.

Blant muhammedanerne er det større åpenhet for evangeliet enn før, sendingene fra Sawtu Linjiila slår igjennom. Tiden er inne til å satse for fullt på det personlige plan, og en hurtigarbeidende komite skal utforme konkrete planer for hva som kan gjøres. Vi har ikke hatt noen saker som har skapt store bølger, — det er riktig en «fredskonferanse».

Vi har latt skolebygg til 16 mill. F.C.F.A. gå enstemmig igjennom til Kontaktkontoret. Med stor begeistring går vi inn for at det blir gjort mer for de spedalske i Kutin, ved turnévirksomhet mens en undersøker mulighetene for en spedalske-koloni.

Vi er spente på forhandlingene med kirken, — og hvordan arbeidsforholdene blir. Det er nå åpne dører på alle områder. Både vi og kirkens arbeidere er avhengige av Guds kraft og trenger mye forbønn. Vi er glad fordi dere står bak oss i bønn.

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

Espeland Begravelsesbyrå

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørjes oppsatt

Espeland Gartneri

Telefon 240809

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi



Vår mann i Arna

KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,
og står til tjeneste med råd og veiledning.

Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 241532

SKAL DET VERA

markiser, persiener og rullegardiner i mange vakre fargar,
så vend Dykk til meg. Eg har også flaggstenger, skyvestigar,
enkle stigar med flate trinn og kletørkestativ som eg sel di-
rekte frå fabrikk. Difor rimelege prisar.

Ring meg, og eg kjem og tek mål og gjev pris.

Magnus Borge

5233 Haukeland — Telefon 24 00 21

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR OTTO HAUKELAND

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSKAPET
VESTA HYGEA

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

ARNA PRIVATBANK

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Velkommen til kyrkje

PREIKELISTE FOR ARNA

- 23/6 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd
Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland
- 30/6 Arna: Fung. res. kap. Hitland og utsending frå Det Blå Kors.
Offer til Blå Kors
- 7/7 Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd
- 14/7 Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd
Trenge Reid: Kl. 1900 fung. res. kap. Hitland. Nattverd
- 21/7 Arna: Fung. res. kap. Hitland. Offer til Misjon bak jernteppe
- 28/7 Ytre Arna: Fung. sokneprest Fykse
- 4/8 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd
- 11/8 Ytre Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd
- 18/8 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Offer til Israelmisjonen
Trenge Reid: Kl. 1900 fung. sokneprest Fykse. Nattverd
- 25/8 Arna: Fung. res. kap. Hitland. Offer til soknerådet
Ytre Arna: Fung. sokneprest Fykse. Offer til Santalmisjonen
- 1/9 Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd
Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd
- 8/9 Arna: Familiegudsteneste ved fung. res. kap. Hitland
Søndagsskulens dag. Offer til Bergen søndagsskulekrins
Ytre Arna: Familiegudsteneste ved fung. sokneprest Fykse
Søndagsskulens dag. Offer til søndagsskularbeidet